

# Styringsdokument for Facebook-sida til Alver Kulturråd

## 1. Føremål og målsetjing:

- Føremålet med Facebook-sida er å dele aktuell informasjon for våre medlemslag, kulturlivet og andre kulturinteresserte i Alver kommune, og løfte fram medlemsorganisasjonane våre.
- Målsetjingar for innhaldet som vert delt er å auke medvitet om kulturaktivitetar, fremje deltaking, og gjere arbeidet vårt kjent for fleire.

## 2. Ansvarsområde:

- Ei eigen styringsgruppe med tre medlemmer frå styret er ansvarleg for å administrere sida. Gruppa fordeler sjølv ansvaret seg imellom.
- Alle medlemmer i styret vert oppfordra til å komme med innspel til aktuelle saker å ta opp på sida..

## 3. Innhaldsstrategi:

- Døme på typar innhald som kan publiserast eller delast:
  - Arrangement i regi av Alver Kulturråd eller våre medlemslag
  - Kunngjeringar som er relevante for kulturfeltet
  - Nyhende som er relevante for kulturfeltet
- Det skal brukast ein god tone som representerer laget på ein god måte.
- Det skal nyttast nynorsk både som publiseringsspråk
- Det må ikkje publiserast tekst eller bilder som er upassande på noko vis.
- Ved bruk av bilete og grafikk må ein sørge for at reglar for opphavsrett vert følgd.
- Det er ønskeleg med regelmessig publisering. Aktivitet vekentleg er ideelt, to gonger i månaden er eit minimum.

## 4. Interaksjon med følgjarar:

- Vi prøver å svare på kommentarar og meldingar i innboks så raskt som mogleg, helst innan 24 timar. I innboksen vert det aktivert autosvar, som inneheld informasjon om forventta svartid.
- Negative kommentarar eller omtalar vert sletta frå sida.

## 5. Moderering:

- Styringsgruppa har ansvar for moderering av innhald og interaksjonar.
- Dersom ein oppdagar upassande innhald, kan enkeltmedlemmer i styringsgruppa gjere sin eigen vurdering på om dette skal slettast. Innhald kan skjulast umiddelbart, dersom ein er usikker på om det skal slettast heilt. Etter nærare vurdering kan så skjulinga opphevast, eller innhaldet slettast.

## 6. Måling og evaluering:

- Effektiviteten av Facebook-sida blir målt kontinuerleg, og tatt opp på styremøte med jamne mellomrom.
- Facebook har gode verktøy for å spore engasjement og rekkevidde.

#### **7. Krav til publisering:**

- Styringsgruppa er ansvarleg for godkjenning av innlegg før publisering.
- Styringsgruppa er ansvarleg for planlegging og godkjenning av innhald.

#### **8. Marknadsføring:**

- Facebook er ein effektiv marknadsføringskanal. Dersom styringsgruppa meiner det bør brukast midlar til betalt marknadsføring, vert dette tatt opp i styret.

#### **9. Juridiske og etiske retningslinjer:**

- Det er ein føresetnad at vi overheld relevante lover og forskrifter (t.d. opphavsrett, personvern).
- Kvar enkelt medlem i styringsgruppa brukar sitt etiske kompass etter beste evne for å sikre positiv og respektfull kommunikasjon.
- Ved tvil vert styringsgruppa eller styret rådført.

#### **10. Krisekommunikasjon:**

- Styringsgruppa er ansvarleg for handsaming av kriser eller uforutsette hendingar på Facebook-sida.

#### **11. Revisjon og oppdatering:**

- Styringsdokumentet reviderast og oppdaterast etter behov, minimum ein gong i året.
- Endringar i styringsdokumentet må handsamast av styret.

Gjennom desse punkta vil Alver Kulturråd ha ein klar og strukturert tilnærming til styring og publisering på sin Facebook-side. Dette vil også bidra til å sikre at kommunikasjonen er konsistent og i tråd med rådet sine mål og verdiar.